| | <p>byggearbeidet sør/aust for vågen. Også dette området ligg i 100 metersbeltet. Planlegging og søknad fann stad samstundes som for det regulerte området. Her var ikkje regulering aktuelt, då plassering av eksisterande hytter tilsa fortetting og betre arealutnytting. Langvarige og framleis uløyste vanskar med vegtilkomst som fylgje av ei tomtedeling, har både her og på neset hindra framdrift i byggearbeidet. Det juridiske ansvaret kviler etter mitt syn på kommunen, som på si side i ei årrekke kategorisk, men med ulike grunngevingar, fråseier seg alt ansvar. Nokon skriftlig grunn har det ikkje lukkast å framdrive, bortsett frå eit byggeforbod, i den mon det er meint som "svar". Dette er nærmare omtalt i mitt brev 18.05.2023 til statsforvaltaren. -2- Med omsyn til vidare framdrift i begge byggeområda, har eg gjentekne gonger purra på at saka om vegtilkomst må prioriterast og få ei avgjerd. I nemnde møte 10.08.2023 fekk eg opplyst at det i høve vegen kunne vere aktuelt med ein ny reguleringsplan. Eg slit med å sjå poenget. Dette er heller ikkje nemnt i planutkastet. Slike utspel er lite tillitsskapande. Det same gjeld sakshandsaminga i forkant av nemnde byggestogg, der eg "under bordet" fekk kunnskap som ikkje var tiltenkt meg: Min svoger, Øystein Våge, var lova anonymitet etter samtaler med teknisk sjef, Connie Hovland. Nærmare om dette framkjern i nemnde brev til statsforvaltaren. Kokkelimonke-møter med uvedkomande høyrer ikkje heime i offentleg forvaltning. Spesielt ikkje i ein kommune med slagordet "eit ope samfunn". Så til innspel i planen. Eg har to alternativ: Eksisterande reguleringsplan vidareførast uendra, eller planutkastet endrast tilsvarande den oppheva reguleringsplanen. Det meiningslaust store friluftssarealet midt inne på neset framstår som lite gjennomtenkt. I praksis har friluftssarealet på nordsida heller ingen misjon. Men dette måtte i si tid på plass, meir som ein formalitet. Omkringliggande busetnad i sjøkanten gjer at området aldri har vore åstad for allmenn rekreasjon. Mindre pulserande stader med fredelege badeplassar er det flust av. Framandfolk, så vel som urfolk og hytteinnvandrarar søker naturleg til slike stader. Etter dette syner eg til eksisterande reguleringsplan. I fortettingsfeltet sørover, mellom hyttene i nord og den sørlegaste, der grunnen er utskoten og planert, vil eg ha inn to hytter. Her er det plass til fl eire hytter, men to hytter med stor leik på opp til 100 m² vil gje mykje rom mellom hyttene, tilsvarande standarden som alt er etablert her. Tilbake til hyttefeltet sør/aust for vågen. Også her er bygningar alt innteikna. I området nærast sjøen har eg ikkje planlagt endringar. Lenger oppe i retning sør/aust vert det meir bygging. Etter innhenting av kart vil eg snarast komplettere innspelet med detaljert plan.</p> | <p>verken i plankart eller føresegner. Ny detaljplan vil sikre utvikling i tråd med pbl.§1-1 som er vist til i merknad.</p> <p>Delar av merknad verkar her å vere retta mot andre saksgangar. Desse er ikkje kommentert nærmare her, men må følgjast opp i dei enkelte sakene dersom det er uavklarte forhold der.</p> <p>Innspel er tatt til vurdering. Kommunen vurderer at det er behov for ei heilskapleg vurdering av området. Dette bør skje gjennom reguleringsplan. Arealet er følgjeleg sett av til fritidsbustad på land, med eit småbåthamnsområde i sjø.</p> |
|--|--|--|

| | | | |
|-----------------|-----------------------------|--|--|
| | | | |
| | Lars Ask 08.12.23 | Eg syner til varsel 11.07.2023 om oppheving av reguleringsplan. Kommunen ber om innspel i arealplanprosessen og vurderer opphavleg plan slik: "Føremålet med planen er å legge til rette for 4 nye hytter, 3 nye naust og ei redskapsbu". Konklusjonen er at reguleringsplanen bør opphevast, at det nordlege området fortettast med ei hytte, medan vestleg del er "lagt inn" som småbåthamnomsråde. Spørsmåla vert då: Er fortetting med ei hytte meint som tillegg til dei planlagte hyttene på nordsida? Opphavleg fortettingsområde frå nordsida mot søraust er ikkje nemnt. Står denne delen av planen frå kommunen si side uendra? Eg minner om at det ikkje er fastsett tal på nye hytter her, og berre hytta lengst søraust er innteikna. Det er i tillegg uklårt korvidt det opphavlege rorbuområdet er tenkt inkludert i innlagt småbåthamnomsråde. | Angående fortetting er det ikkje lagt opp til nye fritidseiningar utan ny reguleringsplan. Spørsmål knytt til tal einingar og eventuell plassering av desse må takast i prosessen med utarbeiding av detaljreguleringsplan. Innanfor arealføremål småbåthamn er det i kommuneplanen sin arealdel opna for brygge, kai, flytebrygge, båtslepp og vorr og stø i tilknytning til naust. Det er krav om detaljregulering på småbåthamnomsråda i planen. Eventuelle unntak frå plankrav følgjer av føresegn. |
| | Ainor og Sven Naustad | Vi viser til brev datert 11.07. 23, oppheving av reguleringsplanar - varsel om oppstart. Vi har fritidseigedom på Kyraneset, Vågsvegen 523, gbnr 234/54. Vi har ingen kommentar til oppheving av reguleringsplan Kyraneset, Plan ID 200104. Ved ei endring der området med eksisterande hytter blir definert som fritidsområde i arealplanen ynskjer vi at heile eigedomen vår skal takast med. Slik forslaget no ligger er eit området vest på eigedomen og området med naust og kai ikkje tatt med i området for fritidsbustad. Vi ser det som naturleg at heile eigedomen blir tatt med. | Heile området er tatt med som fritidsbustad i nytt utkast og det er plankrav for heile området. |
| 200401 Korssund | Richard Skår | Vi viser til dokument 23/873-1/NEH 23/7083 datert 11. juli 2023 og varselet om oppheving av reguleringsplanar. | Det er ikkje grunnlag for å utsetje oppheving av |

| | | | |
|--|--------------------------|--|---|
| | | <p>På vegne av grunneigar Roald Skår for gnr. 239, bnr. 5, ønskjer vi å kommentere det pågåande arbeidet med opphevinga av reguleringsplanane. Det går føre seg eit generasjonsskifte på eigedom for tida, og den kommande generasjonen ser på fleire moglegheiter for å halde fram med gårdsdrifta. På grunn av stort vedlikehaldsetterslep krevst det betydelege investeringar for å halde gårdsdrifta på eit akseptabelt nivå. I den samanhengen ser den nye generasjonen på moglegheiter for endring av den eksisterande reguleringsplanen, Korssund R. Skår 200401, inkludert moglege nye lokaliseringar for å maksimera skjerminga mot det eksisterande vindkraftverket på Lutelandet og den tilknytta linjetraseen over Sakseneset.</p> <p>Vi er klar over at det optimale tidspunktet for å gje innspel til føreslåtte endringar i reguleringsplanen ideelt sett skulle ha vore tidlegare i prosessen med utarbeidelse av arealplanen. Vi lurar likevel på om det no er for seint å inkludera desse innspela i arbeidet med den nye arealplanen for kommunen?</p> <p>Difor ber vi, om mogleg, om at opphevinga av den noverande reguleringsplanen vert utsett med eitt år frå dagens dato. Dette vil gje den nye generasjonen høve til å fullføra generasjonsskiftet og senda inn forslag til endringar eller ein ny reguleringsplan. Alternativt, om mogleg, vil vi be om at dei endringane den nye generasjonen føreslår kan inkludrast i den pågåande arealplanen.</p> <p>Vi set stor pris på forståinga og samarbeidet med Fjaler Kommune i denne overgangsperioden og ser fram til vidare diskusjonar om korleis vi best kan fremja berekraftig gårdsdrift for framtidige generasjonar.</p> | <p>reguleringsplanen og held fast på konklusjon i vurderinga.</p> <p>Framtidig areal må avklarast gjennom arealdelen og innspel til ny arealbruk vert vurdert der.</p> |
| 200403 Furset – dela av gbnr 235/6 | Nordheim hyttesameige | <p>Vi syner til brev av 11.07.23 med varsel til festar eller eigar av eigedom som blir råka av framlegg om oppheving av reguleringsplanar. Vi syner og til møte hjå dykk 10.08.23. I møte vart vi oppmoda om å sende inn innspela vi drøfta som grunnlag for vidare handsaming av saka.</p> <p>Dette innspelet er sendt av Nordheim Hytteforeining som mellom anna har som formål å verne om medlemmene sine felles interesser i hyttefeltet omfatta av reguleringsplan for Furset del av gnr. 235, bnr. 6. Planen er varsla oppheva.</p> <p>Vi takkar for møte med dykk og den positive og konstruktive tilnærminga de har lagt til grunn i arbeidet med kommuneplanen og våre tidlegare ynskjer og innspel om naust/boder ved småbåthamna. Dykkar framlegg til oppheving av reguleringsplanen er mellom anna grunna i at ein vil få eit oppdatert plangrunnlag som vil tene kommunen og grunneigarane godt gjennom enklare sakshandsaming.</p> | <p>Avklaring av bruk av SH10 er tatt med som eiga føresegn i arealdel. Det er i føresegn tatt stilling til parkering og boder. Det er elles generelle føresegner for småbåthamnsområde og fritidsbustad som er førande i området.</p> |

Om framlegget – oppheving av Furset del av gnr. 235, bnr. 6 I samband med oppheving av reguleringsplanen er det mellom anna lagt inn småbåthamnomsråde som omfattar dei to eksisterande hamnene i området. I tilknytning til dette er det lagt inn eit naustområde på land. Begge desse formåla finn ein og som endring av planen på gnr. 235, bnr. 4.

Småbåthamn og naust Framlegg til småbåthamnomsråde har vi ikkje merknader til. Vi har heller ikkje merknader til avsett området for naust då dette vil vere i samsvar med vårt ynskje om å få etablert naust/båthus i området ved småbåthamna. Bildet under viser det aktuelle området. Vi vil likevel syne til vårt tidlegare innspel og framlegg til løysing for båthuset som vi ynskjer å få etablert. Arkitekt Anja Hole har laga eit framlegg som inneheld 14 boder sjå teikningar under og vedlegg. Vi ynskjer at eventuelle føresegner ikkje er til hinder for ei slik løysing. Område for naust/båthus/bod

Tilkomst og parkering

Når det gjeld vegtilkomst og parkering i hyttefeltet er vi usikre på korleis dette blir fremja i ny arealplan. Når det gjeld vegen er det for vår del viktig at denne blir oppretthalden men kva arealformål er ikkje avgjerande for oss. Den kan sikkert ha same formål som resten av feltet og styrt av føresegner. Når det gjeld parkering ved småbåthamna har hyttefeltet rett til parkering her, jamfør området avsett til parkering i gjeldande plan og vist under med rød ring. Arealet er og opparbeidd til parkering men kan få ei betre utforming. Dette arealet har i framlegg til arealplan fått nytt formål (LNF). Vi ynskjer å behalde dette arealet som parkeringsareal i samband med bruk av småbåthamna og ikkje minst til gjester og andre som har behov for parkering her. Fint om dette areal kan halde fram som parkeringsareal og at dette blir sikra i ny arealplan.

Tiltak på eiga tomt /eigedom Vi ynskjer og å syne til gjeldande føresegner for utnytting av eigedomane/hyttetomtene. Vi legg til grunn at dette i stor grad blir vidareført i ny arealplan. Vi vil igjen takke for den positive og konstruktive tilnærminga de har lagt til grunn i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og tidlegare innspel om naust/boder ved småbåthamna. Vi håpar de er positive til innspela som vi har teke opp i dette brevet og vi ser fram til å få på plass eit oppdatert og godt plangrunnlag som vil tene både kommunen og oss i det vidare arbeid med tilrettelegging av hyttefeltet.

| | | | |
|--------|----------------------|--|--|
| 200805 | Svein Tore Folkestad | I nye reguleringsplanar for Folkestad bør det leggest til at det ikkje er åpning for å drive med avl av husdyr (herunder fjørkre) i bustadfelt. Dette bør vere forbeholdt areal som er avsatt til landbruk/næring. | Merknaden er ikkje teke til etterretning. Bustadområde opnar ikkje for landbruksnæring. |
| | Karl Jan Erstad | <p>Omfattande merknad der det vert vist til historikk og bakgrunn, investeringar, bakgrunn for sakte utvikling for både hyttefelt, bustadfelt og næringsutvikling. I tillegg er det kommentarar til vurderinga av reguleringsplanar der Erstad viser til at vurderingane ikkje stemmer og må korrigerast.</p> <p>Det regulerte området i Folkestad er så langt i bustadfeltet utbygd nøyaktig etter reguleringsplan/reguleringskart, og det er gjort millioninvesteringar i infrastruktur. Alle tomter er byggeklare. I hyttefeltet under gnr./bnr. 279/2 & gnr./bnr. 278/12 er det framført ein stor del av infrastruktur, og ein serviceveg for utelukkande tekniske operasjonar vart lagt inn ved ei omregulering i år 2000. I hyttefeltet under gnr./bnr. 278/7 er det gjort omregulering gjeldande frå 2018. Ingen av tiltaka som så langt er gjennomførte i det regulerte området, er av Fjaler kommune vurdert i strid med gjeldande reguleringsplan. Fjaler kommune må ta fullt omsyn til dei investeringane som alt er gjort for bustadfelt og hyttefelt, og ikkje attendeføre areala til LNF i kommuneplan. Byggeklare tomter er til vanleg mangelvare når trongen melder seg. På kommuneplannivå må hovudføremåla bustad og fritidsbustad vidareførast i tråd med arealavgrensingane som ligg i noverande reguleringsplan. Det vil gjere prosessen med utarbeiding av ny reguleringsplan langt enklare.</p> | <p>Viser til vurderingar gjort i vurderingsdokument for vidareføring av reguleringsplan. Føresegner fungerer etter noverande reguleringsplan dårleg som styringsverktøy ved sakshandsaming.</p> <p>Delar av noverande regulert felt er i omsynssone for marin leire. Dette er ikkje vidareført i ny arealdel.</p> <p>Det er opna for tre nye bustadeiningar i tilknytning til dei to eksisterande bustadane.</p> <p>Hyttefeltet er tatt ut. Dette er ikkje bygd ut. Nærmare vurdering følgjer av vurderingsdokument for reguleringsplanar.</p> |

| | | | |
|--------|---------------------|--|---|
| 201101 | Hallvard Skadal | Det er utført ei områdestabilitetsvurdering som viser til at det ikkje er fare for områdeskred for marin leire i området. | Merknaden er teke til etterretning. Det er ikkje lenger grunnlag for å oppheve og krevje ny reguleringsplan på området. |
| 201103 | Odd Magne Skjerping | <p>Omfattade merknad med kommentarar til kvart tema i vurderinga av reugleringsplanen. Merknaden er oppsummert slik:</p> <p><i>OPPSUMMERING; Eksisterande reguleringsplan har strenge føringar, følger pbl 2008 og har eit detaljert plankart. Det har ikkje vore nokon usemje rundt planen. Denne fekk tilslutnad fra Fylkesmannen sin miljøvernavdeling og var einstemmig i formannskap og kommunestyre. Planen følger også dagens krav – viser til uttale fra geololg, NVE mfl. Oppstartsløyve er gjeve, oppfyljing av planen er også påbegynt og ein har gjennom prosessen vore i dialog med Fjaler kommune. Underteikna har tatt tidleg pensjon fra min mangeårige arbeidsplass i Bergen fra 01.05.2023 for blant anna å kunne jobba aktivt med sluttrealisering av hyttefeltet. Eg har ein del underdokumentasjon og stiller gjerne i eit dialogmøte med Fjaler kommune.</i></p> | <p>Merknad er teke til etterretning.</p> <p>Det har vore dialog mellom Odd Magne Skjerping og Nina Elise Hjartholm angående dette området. Tiltakshavar har her vist til at det skal utarbeidast ei geologisk vurdering som vert sendt inn til kommunen. Uavklart forhold til byggegrunn etter pbl.§28-1 spelte inn som ei del av vurderinga for oppheving av reguleringsplanen. Kommunen har tatt merknad til følgje og vidarefører reguleringsplan med atterhald om at det vert sendt inn geologisk vurdering som friskmeld området før vedtak av kommuneplanen sin</p> |

| | | | |
|--------|-----------------|---|--|
| | | | arealdel. Dersom slik dokumentasjon ikkje vert lagt fram, må kommunen ta ei ny vurdering knytt til eventuell oppheving av denne reguleringsplanen. |
| 201104 | La naturen leve | <p>Lutelandet energipark, forslag om oppheving av reguleringsplan. Vi viser til Fjaler kommune sine nettsider og sak på høyring; «Fjaler kommune, kommuneplanen sin arealdel 2023-2035. Vurdering av reguleringsplanar»</p> <p>Fjaler kommune vel i si saksutgreiing å føreslå å oppheve reguleringsplanen for Lutelandet energipark. Lokalsamfunna i Våge, Korssund, Lammetun og Folkestad opplever etter vår kunnskap i aukande grad helseplager og omfattande negative konsekvensar av vindkraftverket på Lutelandet. La Naturen Leve er av den meining at å oppheve reguleringsplanen for Lutelandet energipark av 2011 ikkje vil trygge innbyggjarane sine interesser.</p> <p>- Fjaler kommunestyre vedtok i 2021 å måle den lågfrekvente støyen innbyggjarane som er naboar til vindkraftverket vert utsett for. Dette er enno ikkje gjort. Det er og verdt å merke at i Fjaler kommune si eiga saksutgreiinga til evt. oppheving av reguleringsplanen vedgår at ein ikkje har fylgt opp dei krav reguleringsplanen for Lutelandet energipark set. På spørsmål i kommunen si saksutgreiing om føresegnene er eit godt styringsverktøy les ein fylgjande stadfesting, sitat: «Det er krav om detaljreguleringsplan, noko som ikkje vart gjort. Dette gjer at fleire av avklaringane som føresegnene krev ikkje vart fylgt opp under utbygging». Fjaler kommune innrømmer her manglande handling og oppfølging i ei sak som har stor betydning for innbyggjarane som er råka.</p> <p>- Som eit av få vindkraftanlegg i Noreg ligg Lutelandet energipark i eit regulert område. Får å få gjennomført vindkraftutbygging måtte Fjaler kommunestyre gje dispensasjon frå reguleringsplanen av 2011. Denne sa at før val av type vindturbinar skulle lågfrekvent støy utgreiast. Dette har ikkje vorte gjort. Dispensasjon frå reguleringsplanen gjaldt og auke i rotor- diameter der denne vart auka med omlag 40%. Resultatet er auka</p> | <p>Det er vist til fleire omsyn knytt til helseproblematikk, samt støy. Her er spørsmålet knytt til korleis desse påverkar spørsmålet for oppheving av reguleringsplan. Fleire av føresegnene i den aktuelle planen gjeld krav ved vidare detaljregulering. Det ligg ikkje føre detaljregulering, og er heller ikkje grunnlag for å krevje det. Utbygging av området har utgangspunkt i konsesjon og energilova. Det følgjer av pbl.§12-1 tredje ledd at konsesjonspliktige tiltak ikkje har krav om detaljregulering.</p> <p>I den grad Fjaler kommune kan følgje opp</p> |

| | | | |
|--|--------------------------|---|---|
| | | <p>støypager. Vidare vart det dispensert frå reguleringsplanen for steinfylling i sjø. Dette som fundament for ein av dei 9 turbinane.</p> <p>- Lutelandet vindkraftverk vart 16. januar 2022 omtalt i avisa Bergens Tidende. Her står det skrive at, sitat: «kommunen vil også imøtekomme kravene om å føre tilsyn med støy fra turbinene, fremgår det av vedtak rett før jul». Artikkelen stadfestar og at bruk av privatrettslege avtalar er nytta for to grunneigarar som dermed har fråsagt seg retten til å klage på støy. Direktør i Lutelandet energipark, Stig Svalheim seier til avisa om dei hemmelege avtalane at, sitat: «vi forholder oss til myndighetenes regelverk, der både tekniske tiltak og minnelige avtaler er legitime måter å håndtere kravene til støy/ og skyggekast». Det er eit faktum jfr. gjeldande reguleringsplan at slike avtalar er ulovlege.</p> <p>- Helseplagene innbyggjarane som er naboar til Lutelandet vindpark no opplever har i tillegg til støy og skuggekast fått ei ny kjelde. Sekundvise blink frå 18 høgintense markeringslys som aldri stoggar å blinke. Korkje natt eller dag. Fjaler kommune sitt ansvar for innbyggjarane si helse er m.a. nedfelt i lov om Folkehelsearbeid, § 9. Her er det skrive om kommunane sine oppgaver og delegering av myndighet, sitat: «Kommunen skal føre tilsyn med de faktorer og forhold i miljøet som til enhver tid direkte eller indirekte kan ha innvirkning på helsen». - La Naturen Leve meiner det er grunngeve at Fjaler kommune framleis skal etterleve gjeldande reguleringsplan for Lutelandet energipark. La Naturen Leve ber om at reguleringsplanen for Lutelandet energipark ikkje vert oppheva men etterlevd.</p> | <p>tiltak etter anna regelverk, som t.d lov om Folkehelsearbeid, forureiningslova eller anna, vil desse oppfølgingane vere uavhengige av eksisterande reguleringsplan.</p> <p>Viser vidare til at §3.5 i reguleringsplan knytt til lågfrekvent støy er knytt mot detaljreguleringsplan. Det er ikkje utarbeidd slik plan. Sjå ovanfor om dette. Dette inneber i praksis at §3.5 ikkje er vurdert direkte førande for den konkrete problemstillinga. Her må ein sjå til eventuelle støyyvurderingar i konsesjonshandsaminga, eller etter anna regelverk.</p> |
| | <p>Jarl Egil Haugsbø</p> | <p>Reguleringsplanen for Lutelandet Energipark vart utarbeid i perioden 2009-2011. Planen skal brukast til å ivareta innbyggjar og eigendomar i nærområdet rundt Lutelandet. Dette er truleg ein av dei planane som Fjaler kommune har brukt mest tid for å utarbeide, og fram står som eit godt handverk. Det var denne planen som dåverande politikara støtta seg på, for sikre framtidige problemstillingar rundt vindkraftverket på Lutelandet.</p> | <p>Svar på føresegner: §1.2 er ei stadfesting av elles eksisterande forhold i både regulert- og uregulerte områder. Der anna ikkje er fastsett i plan vil plan- og</p> |

| | | |
|--|---|--|
| | <p>Reguleringsplanen forutsette at det skulle utarbeidast ein detaljreguleringsplan før utbyggingsarbeidet starta opp, dette vart ikkje gjort. Fjaler kommune skriv sjølv i uttale for planen: «Føresegnene er detaljert nok i høve bruken av området. Det er krav om detaljreguleringsplan, noko som ikkje vart utarbeida før utbygging. Dette gjer at fleire av avklaringane som føresegnene krev ikkje vart følgt opp under utbygging..» «Området er ferdig utbygd, sjølv om reguleringsplanen krev detaljreguleringsplan.»</p> <p>Fjaler Kommune har fått inn fleire klager på punkter i reguleringsplanen som utbygger og Fjaler kommune ikkje har fylgt opp. Det ligger og klager som ikkje er ferdig handsama. I Plan ID 201104 føreslår Fjaler kommune no å erstatte eksisterande reguleringsplan for Lutelandet Energipark med ein såkalla MTA plan frå NVE. Om så skjer, blir det ein alvorleg svekkelse av rettsvernet til dei som bur og oppheld seg rundt vindkraftverket på Lutelandet. Under er det lista opp nokre viktige punkt som ikkje er støtta i MTA planen.:</p> <p>§ 1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som til ei kvar tid er bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Fjaler kommune.</p> <p>§ 1.3 Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar innanfor planområdet i strid med reguleringsføresegnene.</p> <p>§ 3.4 Støy Verksemd innanfor område for vindkraft skal ikkje medføre støyulemper som overskrid gjeldande grenseverdiar fastsett i retningsliner for støy i arealplanlegginga (T-1442), eller seinare erstattingar av retningslinene. Sprenging er ikkje omfatta av kravet. Støyande anleggsarbeid (t.d. boring, pigging av stein) i nattperioden frå kl. 2300 - 0700 er ikkje tillate.</p> <p>§ 3.5 Lågfrekvent støy Før val av alternativ for vindturbin type og lokaliseringa vert gjort i detaljreguleringsplanen, skal eventuelle ulemper ved lågfrekvent støy utgreiast og vurderast.</p> <p>§ 7.1.1 Innanfor området er det tillate med bygging av inntil 20 vindturbinar. Vindmøllene kan ha ei navhøgde på maksimalt 136 meter frå planert bakkenivå</p> <p>§ 9 EVENTUELL NEDLEGGING AV ANLEGGET Ved ev. nedlegging av vindkraftverket skal vindturbinane vere demontert og fjernast frå området til godkjent stad innan 1 år etter avslutta drift. Området skal ryddast og setjast i stand til aktuell</p> <p>Både NVE og OED har ved fleire høve uttalt at reguleringsplanen står over MTA planen. Difor er det viktig at Reguleringsplanen for Lutelandet Energipark blir vidareført. Det er jo</p> | <p>bygningslova vere førande innanfor sitt verkeområde.</p> <p>§1.3 er knytt til privatrettslege tilhøve og avtaleinngåing. Dette er eit område ein etter plan- og bygningslova i lita grad skal inn og vurdere. Dette kan ein sjå noko ut av pbl.§21-6, sjølv om denne er knytt til avvising av vedtak.</p> <p>§3.4 omfattar støytillhøve. Utbygginga av vindmøllene har gått føre seg etter konsesjon og MTA-plan. Ein må her sjå til vurderingar som er gjort i denne prosessen.</p> <p>§3.5 i reguleringsplan knytt til lågfrekvent støy er knytt mot detaljreguleringsplan. Det er ikkje utarbeidd slik plan. Sjå ovanfor om dette. Dette inneber i praksis at §3.5 ikkje er vurdert direkte førande for den konkrete</p> |
|--|---|--|

| | | | |
|--|--|--|---|
| | | <p>og ein av dei yngste planane som Fjaler kommune har. Det er merkeleg at Fjaler kommune ynskjer fjerne reguleringsplanen for Vindkraftverket, samtidig som ein vidareføre reguleringsplanen for industriområde på Lutelandet (Plan ID 201302). Storting og Regjering legg til grunn at plan og bygningslova skal regulere/leggast til grunn i vindkraftutbyggingar. Lutelandet Vindkraftverk er eit av to vindkraftverk i landet som har ein reguleringsplan. Så her var Fjaler Kommune forut for si tid.</p> <p>Konklusjon: Vil på det sterkaste oppmode Fjaler Kommune å vidareføre reguleringsplanen for Lutelandet Energipark slik den er i dag.</p> | <p>problemstillinga. Her må ein sjå til eventuelle støyvurderingar i konsesjonshandsaminga, eller etter anna regelverk.</p> <p>§7.1.1 viser til utbygging. Dette området er ferdig utbygd. Utbygging av vindmøllene har gått etter konsesjon, og ikkje vedtak etter plan- og bygningslova.</p> <p>§9 viser til krav dersom anlegg vert lagt ned. Denne er til ei viss grad svart ut av MTA §5 som presiserer følgjande: «5. Nedleggelse Ved nedleggelse skal konsesjonæren fjerne anlegget og tilbakeføre området til sin naturlige tilstand så langt dette er mulig, jf. energilovforskriften § 3-5 d. Dersom konsesjonær ønsker å legge ned anlegget mens konsesjonen løper, skal det søkes NVE om dette.</p> |
|--|--|--|---|

| | | | |
|--|--|--|---|
| | | | <p>Nedleggelse kan ikke skje før vedtak om rivning er fattet. Konesjonær skal innen utgangen av det 12. driftsåret for anlegget oversende NVE et konkret forslag til garantistillelse som sikrer kostnadsdekning for fjerning av vindturbinene og tilbakeføring av området ved utløp av driftsperioden, jf. energilovforskriften § 3-5 d.»</p> <p>Reguleringsplanen sitt forhold til MTA: Reguleringsplan har vore førande for arealbruk i området. Dette vert no erstatta av arealdel for Fjaler kommune. Denne vert førande for eventuelle nye tiltak som ikkje er fanga opp av konsesjonshandsaminga. Det ligg inne føresegner knytt til støy i ny plan.</p> |
| | | | |

| | | | |
|--|--|--|--|
| | | | |
|--|--|--|--|